**Valle og Hylestad**

**sokneråd**

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

**MØTEBOK SOKNERÅDSMØTE 14.02.2024 KL 1600 – felles med Bykle**

**STAD:** kyrkjekjeddaren i Bykle kyrkje

**Desse møtte:** Gudrun Sagneskar, Kristine Kleiveland, Torstein Bjørgum, Knut Olav Uppstad, Toralv Frøysaa Lie, Knut Hagen, Torleif B Harstad

Desse møtte frå Bykle: Aud H S Skagestad, Bernt Einar Berntsen, Bjørg Sissel Tveiten, Marianne Breivegen, Else Gyro Rysstad, Siv Kristin Jeiskelid, Thor Bernhard Sagland, Jan Sverre Kjøstvedt

Frå bispekontoret: Tore Gullaksen

Prost Rune Stormark

Meldt forfall: Liv Gunn Viki, Arne Tronsen, Margit Homme

Frå adm: Gudrun Åkre

**KOPI TIL:**

Inger Rysstad, Astrid Nomeland, Gunveig Kaarvann, Sissa Ringstad, Karin Bø, Bykle sokneråd, Olav Brokka, Torleif Harstad, Adam Langfelt Dassouli, Rune Stormark, Åse Gudrun Thortveit, Tommy Pytten, Frøydis Henriksen Junge

---

**FR-sak 8/24: Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

**Vedtak:**

Saksliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

**SR-sak 9/24: Meldingssaker**

Ingen meldingssaker

**FR-sak 10/24: Delegasjonsreglement**

AU har utarbeida eit forslag til nytt delegsjonsreglement.

**Forslag til vedtak:** Utarbeidd og oppdatert reglement vert vedteke

Valle og Hylestad

sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

**Vedtak:** Nytt delegasjonsreglement for Valle og Hylestad soknerad vart samrøystes vedteke med fylgjande endring : under punkt 5 «Utøving av delegert ansvar» blei denne setninga fjærna: «*I saker som bør avgjerast før det er mogeleg å samla soknerådet kan AU ta avgjerd.*»

**SR-sak 11/24: Retningslinjer for møteinnkalling.**

AU har utarbeid retningslinjer for ulike møteinnkallingar til soknerådsmøte.

**Framlegg til vedtak:**

Retningslinjer for ulike møteinnkallingar til soknerådsmøte vert samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Soknerådet i Valle og Hylestad vedtok samrøystes regelverk for møteinnkallingar med fylgjande tillegg:

under «hasteinnkalling» inkluderes lokal variant med fylgjande tekst: «*Innkallingsfrist er minst to dager. Kortare frist kan godtas når alle medlemer gir tilslutning.*»

under «skriftleg møte» inkluderes lokal variant med fylgjande tekst . «*Vedtak skal vedleggjast saksprotokoll til neste møte.*»

**SR-sak 12/24: Årsmelding**

Årsmelding . Rask gjenomgang pga at saka var til gjenomlesing og uttale på forrige soknerådsmøte den 14.02.2024

**Framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga for Valle og Hylestad sokn 2023 vert vedteke.

**Vedtak:**

Årsmeldinga for Valle og Hylestad sokn vart samrøystes vedteke. Nokre skrivefeil skulle rettast, samt at diakoniårsmeldinga skulle vedleggjast.

Valle og Hylestad

sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

**SR-sak 13/24: Ringereglement**

Få til eit felles ringereglement for Bykle, Valle og Hylestad

Soknepresten forklarte om regelverk på ringing i ulike samanheng.

Forklaring av dei ulike ringe variantane. Desse bør forklarast i neste møte når det skal fattast vedtak.

**Orienteringssak**

**SR-sak 14/24: Endring av gudstenesta 5.mai**

Alle borna i båe sokna/kommunane i alder 7-8 år blir invitert. Dette skal vere i Valle kyrkje laurdag 4 mai kl 1200 – 1700 pga kyrkjeklokka og tårnet der. Sundagen 5.mai er det vedteke at det skal vere gudsteneste i Fjellgardane kyrkje kl.1700 og i Valle kyrkje kl.1600.
Denne dagen framfører ungane frå Bykle sokn sitt opplegg i Fjellgardane kyrkje kl 1600, og ungane frå Valle og Hylestad sokn framfører sitt opplegg i Valle kyrkje kl 1100. Sissa kan vere med i båe kyrkjene ved framsyning på sundag.

**Framlegg til vedtak:**

Tårnagentane, born i alder 7 og 8 år, frå Bykle, Valle og Hylestad sokn deltek i Valle kyrkje laurdag 4.mai kl 1200-1700.

Sundag framfører tårnagentane frå Valle og Hylestad sokn sitt opplegg i gudstjenesten i Valle kyrkje kl 1100. Tårnagentane frå Bykle sokn framfører sitt opplegg i gudstjenesten i Fjellgarden kyrkje sundag 5.mai kl 1700.

**Vedtak:**

Denne saka vert handsama på neste møte.

GÅdr

# Delegasjonsreglement for Valle og Hylestad sokneråd/fellesråd

***Sist revidert av soknerådet i sak FR-sak 10/24***

## 1. Føremål

Føremålet med delegasjonsreglementet er

- å fremja føremålstenleg deling av ansvar og mynde mellom soknerådet og underutval, og mellom folkevalde organ og tilsette med ansvar som dagleg leiar for avgrensa område innan soknerådet si verksemd.
- å fordele ansvar til utval og leiing for å fremja handlekraft og trygge forhold i den operative kvardagen.
- å gje avgjerdsmynde og ansvar på lågast mogeleg organisasjonsnivå, samstundes som soknerådet også i det vidare har kontroll og innsyn.
- å gjeve nye rådsmedlemmer, utvalsmedlemmer og nytilsette oversikt over delegering av mynde i soknerådet.

## 2. Heimel for delegering

Oppgåver og ansvar for soknerådet er nedfelt i Kirkeordning for Den norske kirke §12.

Heimel for delegasjon finn ein i Kirkeordning for Den norske kirke §11 og i Forskrift om regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet §8.

> *§ 11. Formene for menighetsrådets virksomhet*
> Menighetsrådet kan gi lederen eller et arbeidsutvalg bestående av lederen og minst to av rådets øvrige medlemmer fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt, skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.
> Menighetsrådet kan bestemme at en av soknets tilsatte skal være daglig leder av virksomheten. Nærmere regler om formene for menighetsrådets virksomhet gis av Kirkemøtet.
>
> *§ 8.Utvalg*
> 1. Menighetsrådet/kirkelig fellesråd kan oppnevne utvalg til forberedende behandling av saker som hører inn under rådet, til å utføre særskilte verv, til å lede grener av rådets virksomhet og til å utføre særskilt angitte oppgaver innen rådets ansvarsområde. Til slike utvalg kan det velges også andre enn rådets medlemmer. Begge kjønn skal om mulig være representert.
> 2. Slike utvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker som er lagt inn under utvalgets mandat hvor ikke annet er bestemt eller følger av lov.

## 3. Delegering til Arbeidsutvalet (AU)

AU kan kome med innspel til saksliste for soknerådsmøta og har mynde til å setja i gong saksutgreiing for saker som utvalet ønskjer at skal handsamast i soknerådet.

AU er også forhandlingsutval ved lønsfastsetjing.
Medlemmer av AU er leiar, nestleiar og sokneprest. I dei høve der sokneprest også er soknerådsleiar må soknerådet velje ein ekstra representant.

## 4. Dagleg leiing/Ansvarsdeling

Til rolla som dagleg leiar/kyrkjesjef høyrer ansvaret for:

- at alle tiltak på området vert gjennomførte i samsvar med samla plan og gjeldande regelverk
- å take alle naudsynte avgjerder som ikkje er av overordna prinsipiell karakter eller av andre grunnar ligg til overordna råd eller utval å ta avgjerd om
- å fremja og førebu saker på området som skal leggjast fram for soknerådet eller utval
- å ha oppfølgingsansvaret for alle frivillige som er knytt til området
- I dei høve kyrkjesjef er ugild etter forvaltingslova §6, skal mynde til kyrkjesjefen utøvast av leiar av soknerådet/kyrkjeleg fellesråd.
- Kyrkjesjefen skal ha naudsynt dialog med den geistlege leiinga i fellesrådsområdet/prostiet i saker som vedkjem tilsynsansvar.
- Mynde som er delegert til kyrkjesjef kan delegerast vidare om dette er lovheimla og det ikkje er vedteke noko anna.

Soknerådet har delegert ansvar for følgjande avgrensa område til følgjande tilsette i soknet:

- Kyrkjesjefen er dagleg leiar for trusopplæringa
- Prostidiakonen saman med diakoniutvalet leier det diakonale arbeidet i soknet.

Soknepresten har fylgjande ansvar:

- Dagleg leiing av gudstenestelivet.
- Dagleg leiing av konfirmantarbeidet.

## 5. Utøving av delegert ansvar

Ansvar som vert utøvd og oppgåver som vert utførte på vegne av soknerådet skal alltid skje i samsvar med vedtekne planar og budsjett. Prinsippsaker og saker som er særs viktige skal leggjast fram for soknerådet for vedtak. Møtebok frå AU skal leggjast fram for soknerådet som meldingssak. Delegert ansvar går ikkje ut over soknerådsperioden og kan til ei kvar tid trekkjast attende. Delegerande organ kan overprøve og gjera om vedtak frå underordna organ innafor ramma av forvaltningslova §35. Dersom det er grunnlag for tvil om ei sak skal handsamast av utval eller dagleg leiar med heimel i delegeringsreglementet, vert saka lagt fram for soknerådet.

## 6. Endring av delegeringsreglementet

Endringar av reglementet kan berre gjerast av soknerådet.

Valle 14.02.2024

Gudrun Åkre

Gudrun Åkre
kyrkjesjef

I Valle og Hylestad sokneråd er hovudregelen at det vert kalla inn til ordinære soknerådsmøte. Unntaksvis kan dei andre møteformene nyttast; jamfør tabell under. Elles viser ein til Verksemdsreglane

| Type møte | Kven kallar inn? | Innkallingsfrist/saksunderlag | Type saker | Lokale variantar |
|---|---|---|---|---|
| Ordinære soknerådsmøte | Møte fastsett av soknerådet | Minst ei veke, jamfør verksemdsreglane §4 nr. 2 | Alle | |
| Ekstraordinære soknerådsmøte | Soknerådsleiar eller minst 1/3 av soknerådet | Minst ei veke, jamfør verksemdsreglane §4 nr. 2 | Alle | |
| Hastefjernmøte medrekna Teamsmøte | Soknerådsleiar | | Ikkje tid eller ikkje viktig nok for ekstraordinært møte. Gjeld berre enkeltsak. | Innkallingsfrist er minst to dagar. Kortare frist krev positiv tilslutnad frå alle medlemene i soknerådet. Vedtak skal vedleggjast saksprotokoll til neste møte. |
| Skriftleg møte | Soknerådsleiar | | Ikkje tid eller ikkje viktig nok for ekstraordinært møte. Krev tilslutning frå alle medlemmene til vedtaksforslag og møteform | Vedtak skal vedleggjast saksprotokoll til neste møte. |
| | | | | |

SR-sak 11/24: Samrøystes vedteke.

Valle 14.02.2024

Gudrun Åkre

Gudrun Åkre
kyrkjesjef

# ÅRSMELDING
# VALLE OG HYLESTAD SOKNERÅD 2023



**Valle og Hylestad diakonipris 2023**

Astrid Nomeland fekk Valle og Hylestad sokneråd sin diakonipris 2023. Det er første gong denne prisen er utdelt. Astrid var med i Valle og Hylestad sokneråd frå 1993 til 2019 – 26 år. Dei siste 8 åra var ho leiar i rådet. Ho har vore leiar i Diakoniutvalet frå 2002 og leiar i styret for diakonisamarbeidet for Otredal prosti frå 2002 til 2013.

Astrid har og vore representant for Valle og Hylestad sokneråd i «Kirkens SOS» i mange år.

**Organisering av kyrkja**

Over 80 % av Valle kommune sine innbyggarar er medlem i Den norske kyrkja.
Valle og Hylestad sokn er eiga, juridisk eining, soknerådet er øvste organ. Soknerådet har i 2023 seks valde medlemer, sokneprest, og kommunen sin representant.
Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og skal i utgangspunktet vere til stades når soknerådet handsamar saker av fellesrådskarakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjesjefen er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjesjefen har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge

## ARBEIDET I SOKNERÅDET

Soknerådet sine primæroppgåver er nedfelte i §9 i kyrkjelova:

- Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt til alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.
- Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.
- Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet,

### Medlemer i soknerådet fram til valet i 2023

Leiar: Lisbeth Dalquist Homme
Nestleiar: Siri Irene Melhus
Gudrun Sagneskar. Nestleiar frå 1.1.2022
Bente Bjørgum
Liv Bjørgum Ryningen
Knut Olav Uppstad
1. Vara: Ellen Jansen
2. Vara: Sissel Åkre

3. Vara: Birgit flaten
4. Vara: Aase Holen
5. Vara: Pål Dale
Medlem frå Valle kommune: Knut Hagen Vara: Liv Tanche Larsen

### Medlemer i soknerådet etter valet i 2023

Leiar og sokneprest: Toralv Frøysaa Lie
Nestleiar: Gudrun Sagneskar
Kristine Kleiveland
Liv Gunn Viki
Knut Olav Uppstad
Arne Trondsen
Torstein Bjørgum, medlem i arbeidsutvalet

1. Vara Margit Homme
2. Vara Torleif Harstad
3. Vara Karin Bøe
4. Vara Olav Brokka

## Utval og nemnder

| Utval | Medlemer |
|---|---|
| **Arbeidsutval** | Lisbeth D. Homme<br>Siri Irene Melhus<br>Gunnar Ellingsen<br>Sissa Ringstad |
| **Arbeidsutval frå hausten 2023** | Gudrun Sagneskar<br>Torstein Bjørgum<br>Toralv Frøysaa Lie<br>Gudrun Åkre |
| **Trusopplæringsutval** | Siri Melhus<br>Lisbeth H. Homme<br>Tone Å. Rysstad<br>Bjørgulv T. Berg<br>Sissa Ringstad |
| **Trusopplæringsval frå hausten 2023** | Kristine Kleiveland<br>Lisbeth H. Homme<br>Margit Homme<br>Gudrun Sagneskar<br>Sissa Ringstad |
| **Diakoniutval**<br>Sjå vedlegg til årsmeldinga | Astrid Nomeland<br>Karin Bøe<br>Knut Olav Uppstad<br>Per Emanuelsen |
| **Diakoniutval frå hausten 2023** | Astrid Nomeland<br>Knut Olav Uppstad<br>Åse Gudrun Thortveit |
| **Gudstenesteutval Nytt i 2023**<br>Felles med Bykle | Tone Rysstad<br>Lisbeth D. Homme<br>Bjørg Sissel Tveiten<br>Ann Margreth Bjåen<br>Toralv Frøysaa Lie |

### Arbeidsutval:

Leiar i soknerådet, nestleiar, sokneprest og kyrkjesjef utgjer arbeidsutvalet. Etter valet i 2023 vart soknepresten vald til leiar difor har utvalet ein ekstra representant frå soknerådet. Utvalet har møte om lag fjorten dagar i forkant av soknerådsmøte.

### Diakoniutval

Sjå vedlegg: årsmelding for diakoniutvalet i Valle og Hylestad

**FELLESRÅDSARBEID**

**Tilsette og personalansvar:**

Sokneårdet hadde ved inngangen til 2023 arbeidsgjevaransvaret for om lag 2 årsverk fordelt på 5 tilsette. Soknepresten er tilsett av Otredal prosti.

| Namn | Stilling | Stillingsstorleik | Kommentar |
|---|---|---|---|
| Toralv Frøysaa Lie | Sokneprest | 100 % | Valle og Bykle |
| Gudrun Åkre | Kyrkjesjef | 100 % | Valle og Hylestad |
| Sissa Ringstad | Rådgjevar | 40 % | Valle og Hylestad |
| Gunveig Kaarvann | Kyrkjetenar | 25 % | Valle og Hylestad |
| Inger P. Rysstad | Reinhaldar | 16 % | Valle |
| Astrid Nomeland | Reinhaldar | 10 % | Hylestad |

.

**Organist** Stillinga som organist/kyrkjemusikar er vakant. Valle og Hylestad sokneråd kjøper tenestser av Knut Olav Uppstad.

**Prostidiakon – samarbeid mellom Valle og Hylestad, Bykle og Bygland**

Prostidiakonstillinga er eit samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle. Bygland har arbeidsansvaret for prostidiakonen.

Per Emanuelsen slutta i stillinga sommaren 2023. Det er eit framifrå arbeid Per har lagt ned som diakon i soknet/kommunen vår gjennom fleire år.

Åse Gudrun Thortveit frå Iveland tok over jobben etter ferien 2023. Etter eit par turar med opplæring av gamlediakonen starta ho for fullt i jobben. Vi er takksame for i diakonitenesta i Valle og Hylestad og takksame for at Åse Gudrun er vår nye prostidiakon.

**Kyrkjetenar.** Takk til Gunveig Kaarvann som vil gjere teneste som kyrkjetenar og klokkar i Valle og Hylestad kyrkje.

**Stabsmøte:**

Dei tilsette har hatt jamlege stabsmøte. Ettersom både prest og prostidiakon jobbar i både Valle og Bykle, og det er få tilsette totalt, er stabsmøta felles for Bykle og Valle. Møte er annankvar gong i Bykle og Valle. Kyrkjesjefen i Valle skriv innkalling og Kyrkjeverje i Bykle leiar og skriv referat. Det er venta at kyrkjetenar møter på dei møta som er i sin kommune elles vel tilsette i små stillingar sjølve om dei vil møte.

**Gudstenester:**

Kvart år vert det fylt ut kyrkjeleg statistikk for året som gjekk, den er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Generelt kan det seiast om Valle og Hylestad at dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigsler og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansetninga i Kommunen. Utmeldingar og innmeldingar er det få av i løpet av eit år.

Meininga er å halde gudsteneste 1 gong i månaden i kvar kyrkje. Det vil seie annakvar sundag i Valle og Hylestad. Totalt tal deltakarar på gudstenester:

| **2010** | **2011** | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2615 | 2247 | 2594 | 2189 | 2564 | 2517 | 2261 | 2169 | 2151 | 1729 | 798 | 617 |
| **2022** | **2023** | | | | | | | | | | |
| 1439 | 1095 | | | | | | | | | | |

I Valle og Hylestad er faste gudstenester og kyrkjelege handlingar gjennomførde:

- Familiegudsteneste (Kyrkjerottene teater i 2023) med utdeling av bøker til 4-åringar og 6åringar.
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.
- Ljosmesse med konfirmantane.
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudstenester med konfirmantane.
- Allehelgensmesse med minning av dei døde.
- 17. mai gudsteneste
- Diakonigudsteneste med prostidiakon Åse Gudrun Thortveit.
- Hausttakkefest v. Valle og Hylestad diakoniutval og Jordbruksklubben

**Trusopplæring:**

Dette vart gjennomført i 2023

Joletrefest

- Invitasjon til Kyrkjerottetater og utdeling av kyrkjebok til 4- og 6 åringar.
  Minikonfrimant dag i Bykle kyrkje for dei som er 11 og 12 år. Tryllekunstnar Ruben Gazki var med. Alle som deltok fekk Teikneseriebibelen.
- Kyrkjerotte teater
- Fakkeltog 1. laurdag i advent
- Alle frå 6 til 10 år fekk Påskekalender i postkassa.
- Påskevandring v. Valle kyrkje. Løype med forteljing og spørsmål om påska då Jesus døydde. Deltakarane kunne sende inn svar på SMS, og vinne premiar.
  Konfirmantfest
  Soknerådet organiserte og sponsa konfirmasjonsfesten. Foreldre til neste års konfirmantar gjer det praktiske arbeidet.



**Konfirmasjon:**

Konfirmantarbeidet er eit viktig satsingsområde for kyrkjelyden.
Soknepresten har ansvar for undervisninga. Kvart år deltek konfirmantane på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark i regi av KRIK. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet betaler deltakaravgift for alle konfirmantane. Foreldre er med i den praktiske gjennomføringa.
I tillegg er det samlingar med undervisning spreidd ut over skuleåret.
I 2023 vart konfirmantane og foreldre inviterte til foredrag om livsmeistring med Ruben Gazky i Bykle kyrkje.

**Samarbeid med andre/Ungdomsarbeid:**

Soknerådet stør arbeidet som **Allidrett** driv i Valle. I 2023 var det 9 samlingar i Vallehalli, 10 til 20 ungdomar møter til samlingane. No er Allidrett på fredagar og det er vellukka. Klubben er for dei som går i ungdomsskulen og oppover og er eit godt tilbod for konfirmantane. Primus motor for Allidrett er Ingunn Røysland. Siri Melhus, Torleif Harstad, Ola Aarsland og Kristine Kleiveland er med som frivillige leiarar.
Soknerådet stør Allidrett med annonser i Setesdølen.

**Solidaritetsarbeid:**

Misjonsprosjekt: I 2018 vidareførde soknerådet samarbeidsavtalen med Stefanusalliansen om å stø arbeidet deira i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida.

Barnehagar og heimebesøk til fattige familiar står sentralt i arbeidet – Med seg har Mamma Maggie ein talrik flokk av oppofrande medarbeidarar. Stefanusalliansen sender jamleg informasjon frå prosjektet.

**Informasjonsarbeid:** Folk blir informert om kva som skjer gjennom heimesida til kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad http://www. Valle.kyrkja.no. Kyrkja har og eiga «Facebook» side: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad. Ein brukar annonser i Setesdølen, Bygdenytt, plakatar, og "Kva skjer"-kalenderen på Valle kommune sine heimesider. Elles munnleg informasjon i kunngjeringane i gudstenestene.

**Særskilde hendingar i 2023**

Utdeling av Valle og Hylestad sokneråd sin diakonipris til Astrid Nomeland.
Astrid Nomeland har vore ein pådrivar for diakoni i Valle og Hylestad sokneråd og Valle kommune. Ho har vore leiar i Vale og Hylestad diakoniutval sia det starta i 2002

**Kyrkjer og kyrkjegardar**

## Kyrkjene

### Hylestad kyrkje

Parkeringsplassen v. Hylestad kyrkje vart asfaltera og gangveg frå parkeringsplass til inngangsdøra til kyrkja vart drenera.

### Kyrkjegardane

Hausten 2023 vart ein del gamle tre fjerna frå kyrkjegarden i Hylestad.
På Hylestad og Valle kyrkjegard er det nok av ledige graver. På båe kyrkjegardane er det ein del ledige graver på den eldste delen av kyrkjegarden. Folk ønskjer i størst mogeleg grad å bruke graver dei allereie festar, eller ledige graver i nærleiken av graver dei festar. Kommunen tek seg av vedlikehaldet på kyrkjegardane.
Soknerådet har oppretta ei arbeidsgruppe som skal jobbe med verneplan for kyrkjegardane i Valle og Hylestad. Dei som er med i arbeidsgruppa er: Alfred Ryningen, Knut K. Homme. Leonard Jansen, Bjørgulv T. Berg og Torbjørg Trydal.

### Kyrkjestoga

Kyrkjestoga har elles vore mykje brukt til bibeltimar og andre kristelege møte. Eit sers godt rom å vere i.

### Økonomi

Etter kyrkjelova § 15 får kyrkja det meste av sine midlar frå kommunen. Anna kjem frå staten og eigne inntektskjelder.

Valle og Hylestad sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 2,5 millionar. Av dette går om lag 2 millionar til løn og faste utgifter, som straum, forsikring, reparasjonar. 350 000 kr. går til gravferder og kyrkjegardsdrift. Kyrkjelydsarbeid vert stort sett drive av innsamla midlar. Det resterande går stort sett til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar, som trusopplæring, gudstenester med meir.

### 2023- Oppsummert

Året 2023 har hatt sine utfordringar. Kyrkjesjefen fekk hjerneslag i november 2022 og vart sjukemeld. 1. desember starta sokneprest Torlav Frøysaa Lie i Bykle, Valle og Hylestad sokn. Det var utfordrande for presten å starte i tenesta utan nokon å samarbeide med.
Gunvieg Kaarvann og Bjørgulv T. Berg trødde til som medhjelparar til soknepresten. Det vart lyst ut 1 års vikariatstilling som kyrkjesjef. Gudrun Åkre søkte og starta i stillinga 1. september 2023.
Sissa Ringstad starta i 20 % stilling som rådgjevar 10. mai og utvida til 40 % 28. 8. 2023. Kyrkjelyden har feira konfirmantar, gudstenester, tatt avskil med sambygdingar i gravferd. Soknepresten har og jamnlege andaktar på Valle bygdeheim.

. Frå Hasttakkefest og konfirmantpresentasjon 2023



Takk

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2023. Valle og Hylestad sokn har ein liten stab, og er heilt avhengig av innsats frå friviljuge. Mange har gjort ein god jobb med kyrkjekaffi, som kyrkjevertar og anna dugnadsarbeid.

Takk til medlemene i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette.

Samarbeidet med Anna Valle kulturskule og Anna Slaby Driel i samband med trusopplæring med meir. Det er utroleg fint!

Soknerådet vil og takke Valle kommune for godt samarbeid. Rådet har ein tenesteytingsavtale med kommunen som dekkjer vedlikehald og arbeid på kyrkjegard.

Særleg vil vi takke alle som møter opp til gudstenester og andre arrangement.

# Årsmelding for Diakoniutvalet i Valle og Hylestad 2023

Diakoni handlar om å bry seg, om å møte menneske der dei er. Den utfordrar kvart enkelt menneske til å sjå, høyre og ta på alvor dei som kjem i den einskilde sin veg. Det handlar om å skape naturlege møteplassar med rom for glede, sorg, sinne, handlingslamming, fortviling, bitterheit, skuldkjensle, refleksjon og samtale.

Per Emanuelsen slutta før sommaren. Åse Gudrun Thortveit starta i stillinga som prostidiakon 1. august. Per var saman med ho dei to første arbeidsvekene.

Diakoniutvalet i 2023: Astrid Nomeland (leiar), Knut Olav Uppstad og Per Emanuelsen (prostidiakon).

Utvalsmøte: Diakoniutvalet har hatt 4 utvalsmøte og handsama 7 saker.

Aktivitetane i 2023 har vore redusert på grunn av at kapasiteten vår har vore noko låg, så vi har berre gjennomført følgjande:

- Tilbod om kyrkjeskyss.
- Kyrkjekaffi
- Temakveld om «Kunsten å leve» med Per Emanuelsen, tysdag 11. april i Kyrkjestoga.

Hausttakkefest 24. september vart gjennomført av Diakoniutvalet, Jordbruksklubben, prest, organist og kyrkjetenar.

Diakoniens dag 5. november vart gjennomført av Diakoniutvalet, Åse Gudrun, prest, organist og kyrkjetenar

Utsending til representantskapsmøte i Kirkens SOS i 2023 var Astrid Nomeland.

Økonomi: Valle og Hylestad sokneråd har kyrkjeoffer til diakoniutvalet.

Rysstad 30. jan. 2024

Astrid Nomeland

# 28. Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2023

## 1 Opplysningar om soknet

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1.1 | Kommunenummer * 4221 | | |
| 1.2 | Namnet på fellesrådet * VALLE OG HYLESTAD SOKN | Fellesrådets organisasjonsnummer * 976992482 | |
| 1.3 | Namnet på soknet * VALLE OG HYLESTAD SOKN | Organisasjonsnummer til soknet * 976992482 | |
| 1.4 | Adressa til soknet Postboks 8 | Postnummer * 4746 | Poststad VALLE |
| 1.5 | Namn skjemaansvarleg * Anne Kirsten Ringstad | E-post skjemaansvarleg * sissa@valle.kyrkja.no | Telefonnummer * 97784706 |

## 2 Kyrkjelege handlingar

For føring av dei kyrkjelege handlingane skal registrerings- og meldingsrutinane følgjast, og tala herfrå dannar grunnlaget for føring i årsstatistikkskjemaet.

| | | |
|---|---|---|
| 2.1 Kor mange blei konfirmerte i soknet? | * 8 | |
| 2.2 Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet? | * 2 | Talet på deltakarar * 107 |
| 2.3 Kor mange forbønshandlingar for borgarlege giftarmål blei utførte i soknet? | * 0 | |
| 2.4 Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet? | * 9 | |
| 2.5 Kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)? | * 9 | |
| 2.6 Kor mange deltakarar var det ved gravferder foretta i soknet? | * 608 | |

## 3 Gudstenester

### 3.A Antall gudstjenester og deltakere

| | Talet på gudstenester | Talet på deltakarar |
|---|---|---|
| 3.A.1 Kor mange gudstenester blei totalt haldne på søn- og helgedagar? | * 25 | * 1106 |
| 3.A.2 Kor mange gudstenester blei totalt haldne utanom søn- og helgedagar? | * 6 | * 22 |
| 3.A.3 Totalt tal på gudstenester og deltakarar (sumfelt) | 31 | 1128 |

### 3.B Fordel totalt tal på gudstenester etter kvar dei fann stad

| | Tal på gudstenester |
|---|---|
| 3.B.1 ..... i kyrkja/ene i soknet? | * 29 |
| 3.B.2 ..... på institusjon i soknet? | * 2 |
| 3.B.3 ..... på ein annan stad, verken i kyrkja/ene i soknet eller på institusjon i soknet? | * 0 |
| 3.B.4 Totalt tal på gudstenester (NB!! Summen skal vere lik 3.A.3) | 31 |

### 3.C Kor mange av desse typane gudstenester blei gjennomførte?

| | Tal på gudstenester | Totalt tal på nattverdsgjestar | Totalt tal til skriftemål | Totalt tal på deltakarar |
|---|---|---|---|---|
| 3.C.1 Gudstenester med nattverd | * 19 | * 374 | | |
| 3.C.2 Gudstenester med skriftemål | * 0 | | * | |
| 3.C.3 Gudsteneste særlig tilrettelagd for barn og ungdom | * 0 | | | * |
| 3.C.4 Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn | * 1 | | | * 90 |
| 3.C.5 Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn | * 1 | | | * 98 |
| 3.C.6 Gudstenester med dåp | * 6 | | | * 373 |
| 3.C.7 Konfirmasjonsgudstenester | * 2 | | | * 181 |
| 3.C.8 Julaftansgudstenester | * 1 | | | * 151 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 3.C.9 Gudstenester i påska | * 2 | | | * 92 |
| 3.C.10 Gudstenester Kristi himmelfartsdag | * 0 | | | * |
| 3.C.11 Gudstenester i pinsa | * 2 | | | * 63 |
| 3.C.12 Gudstenester med samisk innslag | * 0 | | | * |
| 3.C.13 Allehelgensgudstenester | * 1 | | | * 37 |
| 3.C.14 Økumeniske gudstenester | * 0 | | | * |
| 3.C.15 Temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon | * 1 | | | * 73 |

### 3.D Felles gudstenester

| | | | |
|---|---|---|---|
| 3.D.1 Blei det arrangert felles gudsteneste(r) med andre sokn? | * (•) Ja ( ) Nei | Talet på gustenester * 2 | Talet på sokn * 1 |

## 4 Kontakt med barnehage og skole

### 4.A Besøk i kyrkja utanom gudsteneste

| | | Talet på besøk (ikkje personar) | |
|---|---|---|---|
| 4.A.1 Av barnehage | * ( ) Ja (•) Nei | * | Talet på avdelingar * |
| 4.A.2 Av skoleklasse | * ( ) Ja (•) Nei | * | Talet på klasser * |

### 4.B Besøk av prest, kateket, trusopplærar eller annan kyrkjelydsarbeidar?

| | | Talet på besøk (ikkje personar) | |
|---|---|---|---|
| 4.B.1 I barnehage | * ( ) Ja (•) Nei | * | Talet på avdelingar * |
| 4.B.2 I skoleklasse | * ( ) Ja (•) Nei | * | Talet på klasser * |

### 4.C Dreiv kyrkjelyden barnehage? Kor mange barnehagar blei drivne i kyrkjelyden sin regi?

Dette gjeld barnehagar som Den norske kyrkja/kyrkjelyden eller fellesrådet driv, eller der kyrkjelyden er inne som eiger, sit i stiftelsen og liknande, og som kyrkjelyden vurderer som "barnehagen sin".

| | | Tal på barnehagar | Totalt tal på barn |
|---|---|---|---|
| 4.C.1 Drev menigheten barnehage? | * ( ) Ja (•) Nei | * | * |

## 5 Opplæring og diakoni

| | |
|---|---|
| 5.1 Har kyrkjelyden vedteke lokal diakoniplan? | * (•) Ja ( ) Nei |

## 6 Ulike tilbod til barn og vaksne

I delane (6-9) skal ein føre opplysningar om verksemda som soknerådet, dei tilsette og/eller prestane har ansvaret for, og som inngår i soknerådets planar og rapportar. Dersom fleire sokn samarbeider om eit tiltak/tilbod, skal det førast i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal førast i det soknet der aktiviteten fann stad.

### 6.A Tilbod til barn 0-12 år

Her førast opplærings- og diakonale tilbod til ungdom i alderen 0-12 år. Ein person registrerast kunn ein gong. Då oppmøtet kan variera frå gong til gong kan det førast ein anslag på kor mange barn (unike deltakarar) som nyttar tilbodet.

| | | Samarbeid med andre sokn | Antall tilbud | Antall deltakere |
|---|---|---|---|---|
| 6.A.1 Arrangerte kyrkjelyden babysong eller småbarnsong for barn 0-5 år? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | * |
| 6.A.2 Dreiv kyrkjelyden søndagsskole? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | * |

| | | |
|---|---|---|
| 6.A.3 Dersom ditt sokn hadde ansvar for eit samarbeidsarrangement, ver venleg å spesifiser kva for andre sokn som har teke del: | | |

## 6.B Tilbod til unge 13-17 år

Her fører ein opplærings- og diakonale tilbod til ungdom i alderen 13-17 år. Konfirmantar kan telles med dersom det ikkje er en del av den ordinære konfirmantundervisninga. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

| | | Samarbeid med andre sokn | Antall tilbud | Antall deltakere |
|---|---|---|---|---|
| 6.B.1 Dreiv kyrkjelyden leiarkurs og liknande for unge 13-17 år? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | * |
| 6.B.2 Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, ver venleg spesifiser kva for sokn det gjeld: | | | | |

## 6.C Tilbod til unge vaksne – 18-30 år

Opplæringstilbod og diakonale tilbod til unge vaksne i alderen 18-30 år.
Talet på deltakarar. Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge vaksne (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

| | | Samarbeid med andre sokn | Antall tilbud | Antall deltakere |
|---|---|---|---|---|
| 6.C.1 Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for unge vaksne 18-30 år? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | * |
| 6.C.2 Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement, leirar o.l. for unge vaksne 18-30 år? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | * |
| 6.C.3 Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l.? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | * |
| 6.C.4 Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, ver vennleg spesifiser kva for sokn det gjeld: | | | | |

## 6.D Ulike tilbod til vaksne

Talet på grupper/tilbod og talet på personar som nytta tilboda. Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

| | | Samarbeid med andre sokn | Antall grupper/tilbud | |
|---|---|---|---|---|
| 6.D.1 Hadde kyrkjelyden tilbod om bibelgrupper, bibelringar, samtalegrupper eller husfellesskap? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | |
| 6.D.2 Organiserte kyrkjelyden bibelkurs? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | Personar som nytta tilbodet * |
| 6.D.3 Hadde kyrkjelyden andre organsierte tilbod med opplærings som formål? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | |
| 6.D.4 Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper? | * (•) Ja ( ) Nei | * (•) Ja ( ) Nei | * 1 | |
| 6.D.5 Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | * | |
| 6.D.6 Heldt soknet/kyrkjelyden andakter på institusjon eller aldersheim? | * (•) Ja ( ) Nei | * (•) Ja ( ) Nei | Talet på andakter * 9 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6.D.7 Hadde kyrkjelyden besøksteneste eller anna oppsøkjande verksemd? | (•) Ja ( ) Nei | (•) Ja ( ) Nei | Talet på besøk * 76 | |
| 6.D.8 Blei det utført soknebod i kyrkjelyden? | * (•) Ja ( ) Nei | * (•) Ja ( ) Nei | Talet på soknebod * 2 | |
| 6.D.9 Blei det utført sjelesorgsamtaler i kyrkjelyden? | * (•) Ja ( ) Nei | * (•) Ja ( ) Nei | Talet på samtalar * 2 | |
| 6.D.10 Blei det halde samtalar med ikkje vigsla tilsette? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | Talet på samtalar * | |
| 6.D.11 Blei det arrangert turar for kyrkjelyden? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | Talet på turar * | |
| 6.D.12 Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid retta mot innvandrarar? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | | |
| 6.D.13 Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid retta mot andre utsette grupper? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | | |
| 6.D.14 Hadde kyrkjelyden tilbod retta mot menneske med utviklingsshemjing? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | | |
| 6.D.15 Har kyrkjelyden tilbod om arbeidspraksis for menneske som står utanfor arbeidslivet? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | | |
| 6.D.16 Har kyrkjelyden organiserte, faste middagsfellesskap? | * ( ) Ja (•) Nei | * ( ) Ja ( ) Nei | | |
| 6.D.17 Er kyrkjelyden involvert som samarbeidspartnar i det psykososiale kriseteamet i kommunen eller annan kommunal psykososial beredskap? | * (•) Ja ( ) Nei | * ( ) Ja (•) Nei | | |
| 6.D.18 Hadde kyrkjelyden andre sosiale og diakonale tilbod? | * (•) Ja ( ) Nei | * ( ) Ja (•) Nei | Talet på andre diakonale tilbod * 3 | |
| 6.D.19 Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, ver venleg spesifiser kva for sokn det gjeld og i kva for sokn deltakarne er førd i: | | | | |

## 7 Kyrkjemusikk, kulturarbeid og open kyrkje

| | | |
|---|---|---|
| 7.1 Har kyrkjelyden vedteke lokal plan for kyrkjemusikk? | * ( ) Ja (•) Nei | |
| 7.2 Hadde soknet fellestiltak med andre sokn innan kyrkjemusikk, kor og/eller kulturarbeid? | ( ) Ja (•) Nei | Talet på sokn |

## 7.A Kor og korgrupper

Kor mange kor og korgrupper blei drive i kyrkjelydens regi?
Dersom fleire sokn har kor, korgrupper eller gjennomfører anna kulturarbeid saman, skal det oppgis i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal oppgis i soknet der aktiviteten fann stad. I pkt 7.A. fører ein talet på kor og talet på medlemmer i kora. Talet på medlemmer tel ein anten ved kor mange som betalar medlemskontingent eller går i koret nokolunde fast.

| | Talet på kor/korgrupper | Talet på medlemmer |
|---|---|---|
| 7.A.1 Kor for barn og unge | * 0 | * |
| 7.A.2 Kor for vaksne/familiekor | * 0 | * |

### 7.B Konsertar, musikkandakter o.l.

| | Talet på konsertar og musikkandakter | Talet på personar som nytta tilbodet |
|---|---|---|
| 7.B.1 Hvor mange konserter, musikkandakter ble avholdt i regi av menigheten? | * 2 | * 224 |
| 7.B.2 Kor mange konsertar, musikkandakter blei haldne i regi av andre? | * 1 | * 55 |

### 7.C Kor mange andre kulturarrangement blei haldne?

| | Talet på kulturarrangement | Talet på personar som nytta tilboda | Spesifiser tilbod/arrangement |
|---|---|---|---|
| 7.C.1 ... I regi av kyrkjelyden | * 0 | * | |
| 7.C.2 ... I regi av andre | * 0 | * | |

### 7.D Var det i statistikkåret tilbod om open kyrkje i soknet?

| | | Talet på dagar/kveldar opne i løpet av året |
|---|---|---|
| 7.D.1 Open kyrkje | * (•) Ja ( ) Nei | * 90 |
| 7.D.2 Pilegrimskyrkje | * ( ) Ja (•) Nei | * |

## 8 Frivillige medarbeidarar

### 8.A Totalt tal på frivillige

| | | Totalt tal på frivillige |
|---|---|---|
| 8.A.1 | Kor mange frivillige medarbeidarar var totalt engasjert i arbeidet i kyrkjelyden? (Ein person teljast ein gong i dette feltet). | * 20 |

### 8.B Kor mange frivillige medarbeidarar (15 år eller eldre) var tilknytta:

| | Talet på frivillige |
|---|---|
| 8.B.1 ...planlegging og gjennomføring av gudstenester? | * 4 |
| 8.B.2 ...barnearbeid/trusopplæringstiltak i kyrkjelyden (0-12 år? | * 4 |
| 8.B.3 ...ungdomsarbeid/trusopplæringstiltak i kyrkjelyden (13-25 år)? | * 4 |
| 8.B.4 ...kyrkjelydens diakonale arbeid? | * 2 |
| 8.B.5 ... kultur- og konsertarrangementa til kyrkjelyden? | * 0 |
| 8.B.6 ...komité- og utvalsarbeid? | * 10 |
| 8.B.7 ...... herav medlemmer og varamedlemmer i soknerådet? | * 10 |
| 8.B.8 ...anna kyrkjelydsarbeid som ikkje er tatt med under pkt. 8.B.1-8.B.7? | * 0 |

### 8.C Opplæring og samlingar

| | | Talet på samlingar | Talet på personar som nytta tilboda |
|---|---|---|---|
| 8.C.1 Gav kyrkjelyden tilbod om opplærings- eller motivasjonssamlingar for frivillige vaksne medarbeidarar? | * ( ) Ja (•) Nei | * | * |
| 8.C.2 Arrangerte kyrkjelyden fest for frivillige, medarbeidarfest o.l.? | * ( ) Ja (•) Nei | * | * |

## 9 Misjons-, vennskaps- og solidaritetsarbeid

I pkt 9.1 og 9.2 er det alfabetisk liste over land. Skrolle nedover med pil til aktuelt land.

| | | Samarbeid med andre sokn? | Dersom det er svart ja for samarbeid med andre sokn, vennligst spesifiser hvilke sokn det gjeld | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 9.1 Hadde kyrkjelyden ein (eller fleire) | * (•) ( ) | * (•) ( ) | * Bykle | Talet på misjonsavtalar * 1 | Land 1 Egypt |

5

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| misjonsavtala(r)? | Ja Nei | Ja Nei | | | |
| | | | | | Land 2 |
| | | | | | Land 3 |
| 9.2 Hadde kyrkjelyden ein (eller fleire) vennskapsrelasjon(er) til ein kyrkjelyd eller organisasjon i eit anna land? | * ○ Ja ◉ Nei | * ○ Ja ○ Nei | * | Talet på venskapsavtalar * | Land 1 |
| | | | | | Land 2 |
| | | | | | Land 3 |
| 9.3 Hadde kyrkjelyden arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema? | * ◉ Ja ○ Nei | ◉ Ja ○ Nei | * Bykle | Talet på arrangement * 2 | Spesifiser tiltak: Informasjonssamling ang Israelsmisjonen og informasjonssamling agg. misjonsprosjekt, Stefanusbarna |

## 10 Ofringar, innsamlingar og gåver

| | Totalt beløp, heile kroner | Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd? Heile kroner |
|---|---|---|
| 10.1 Kor stort beløp blei samla inn ved offer/kollekt i kyrkja? | * 100063 | * 19590 |
| 10.2 Kor stort beløp blei samla inn via givartenesta i kyrkjelyden? | * 0 | * |
| 10.3 Kor stort beløp blei samla inn av kyrkjelyden ved andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande? | * 0 | * |

## 11 Merknader

Her kan ein til dømes nemne/presisere forhald ved enkelte av felta dersom verdiane avvik vesentleg frå året før. Ein kan også nemne kva for felt/tal som gjeld for fleire sokn.

### 11.A

| | |
|---|---|
| 11.A.1 | |

### 11.B

**Nettbaserte gudstenester**

Dersom de har talet på gudstenester som vart strøymde ikkje rapportert andre stader og deltakarar på desse, kan de nytta 11.B.1 og 11.B.2 til rapportering av desse.

| | | |
|---|---|---|
| 11.B.1 | | Tal på nettbaserte gudstenester ikkje rapportert andre stader |
| 11.B.2 | | Tal på deltakarar på nettbaserte gudstenester ikkje rapportert andre stader |

## 12 Kontroll mot forrige år - fyllast ut automatisk.

I denne seksjonen gir vi de moglegheit til å gjera ei samanlikning mot tal frå førre år på enkelte felt i skjema. Det er lagt inn nokre kontrollar (grenseverdiar) mot fjorårstal. Dersom desse kontrollane slår ut for enkelte felt, ber vi de ta ein ekstra sjekk av årets tal. Eventuelt, forklar store avvik i pkt. 11 merknader.

| Feltnavn | Absolutt avvik | Prosentvis avvik | Verdi forrige periode |
|---|---|---|---|
| 2.1 Konfirmasjonar | -8 | -50,0 | 16 |
| 2.2 Vigsler | 2 | 0,0 | 0 |
| 2.4 Gravferder | -7 | -43,8 | 16 |
| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 3.A.3 Totalt tal på deltakarar på gudstenester | -1013 | -47,3 | 2141 |
| 3.C.1 Nattverdsgudstenester, kor monge | 3 | 18,8 | 16 |
| 3.C.1 Deltakarar til nattverd | 88 | 30,8 | 286 |
| 3.C.5 Gudstenester for barnehagebarn | 1 | 0,0 | 0 |
| 3.C.5 Deltakarar på gudstenester for barnehagebarn | 90 | 0,0 | |
| 3.C.6 Gudstenester for skoleelevar | 0 | 0,0 | 1 |
| 3.C.6 Deltakarar på skolegudstenester | -16 | -14,0 | 114 |
| 3.C.9 Julaftangudstenester | 0 | 0,0 | 1 |
| 3.C.9 Deltakarar på julaftangudstenester | 10 | 7,1 | 141 |
| 6.A.1 Deltakarar på babysong (kor mange) | | 0,0 | |
| 6.C.3 Leiarkurs - talet på deltakarar | | 0,0 | |
| 6.D.6 Andakter på institusjon - kor mange | -1 | -10,0 | 10 |
| 7.A.1 Talet på kormedlemmer i kor for barn og unge | | 0,0 | |
| 7.A.2 Talet på kormedlemmer i vaksne/familiekor | 0 | 0,0 | 0 |
| 10.1 Offer/ kollekt - totalt i kroner | -8859 | -8,1 | 108922 |
| 10.2 Givertenester - totalt i kroner | 0 | 0,0 | 0 |
| 10.3 Andre innsamlingar - totalt i kroner | 0 | 0,0 | 0 |